



Fråsegn frå Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal

Gjeld søknad om løyve til å byggje fleire småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar i Møre og Romsdal – høyring

Dykkar ref: 200902805-19, 201002635-11, 201102986-16, 201200220-12, 201200950-12, 201400304-5, 200901730-12, 201001556-14, 200707232-19

Manglar i søknadane:

Alle søknadane har for dårleg dokumentert særleg to tilhøve:

1. Linjekapasitet: Mulighetene for å få all den nye straumen inn på kraftnettet er for dårleg dokumentert. Det må ligge føre konkrete kostnadsberekna og tidsberekna avtalar med Mørenett om overføring av straum til nettet.

Etter det vi kjenner til får fleire småkraftverk som har vore bygde ut på Sunnmøre siste åra ikkje ført all produsert straum inn på nettet grunna dårleg linjekapasitet (Urke og Trandal kraftverk).

2. Beredskap: Kvant anlegg må i samarbeid med nettleverandør teknisk utrustast slik at det kan levere straum til sitt lokale område i periodar når nettleverandør har straumstans grunna vanskar med sine overføringslinjer. Dette er livsviktig i periodar med naturkatastrofar i vår vindfulle landsdel.

Elvedalar:

Det er svært få elvedalar i desse kommunane som er urøyvde av anleggsverksemd. Om Grytuvatnet, Huna i Megardsdalen og Regndalselva vert utbygde, så fins så godt som ingen urøyvde elvedalar att. For turismen, friluftslivet og hundrevis av komande generasjonar er det av vesentleg betydning at vi kan behalde naturen intakt i nokre av dei elfeførande fjelldalane våre.

Sjøauren:

Sjøauren har gått kraftig tilbake siste åra, den er truga av mellom anna lakselus. Mest av alt treng den gode vilkår for å gyte. Det er i dei mindre vassdraga at sjøauren gyter, og vi må ta vare på oppveksttilhøva til sjøauren. Det kan vi gjere ved å droppe utbygging av dei 10 elvane. NVE bør sette i verk tiltak for å fjerne søppel, reinse kloakk og stoppe tilsig frå jordbruket i fleire av elvane.

Konklusjon:

Samla belastning på naturområda vil bli alt for stor til å kunne tilrå utbyggingane. Omsynet til naturverdiane er viktigare enn interessene til utbygarane. På sikt vert samfunnsnytta større om vassdraga vert urøyvde.

<http://moreogromsdal.mdg.no/ukategorisert/regn-eller-sol/>

14. juni 2014

For Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal

Helge Standal
sekretær